
Fra: Odd Tøsdal <Odd.Tosdal@mattilsynet.no>
Sendt: torsdag 10. januar 2019 13:25
Til: Postmottak Meland
Emne: Uttale frå Mattilsynet til reguleringsplan for Fv 245 Fosse - Moldekleiv - med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring

Kategorier: Grønn kategori

Til
Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Sendt pr. e-post til: postmottak@meland.kommune.no

Mattilsynet sitt saksnr: 2019/3192 Dykkar ref. 16/2869 – 18/26188

Uttale frå Mattilsynet til reguleringsplan for Fv 245 Fosse - Moldekleiv - med oppgradering av Fossekrysset - Offentleg ettersyn og høyring

Meland kommune sende 02.01.2019 brev til Mattilsynet som offentlig høyringsinstans. På heimesida til Meland kommune fann vi planframlegget med 6 plankart, reguleringsføresegnene, planomtale med ROS-analyse, VA-rammeplan mm.

Vi meiner det er teke mange gode juridisk bindande omsyn i planarbeidet, mellom anna:

Føresegner 3.5 Plan for massehandtering

Før igangsetting av arbeid skal det liggje føre ein plan for massehandtering. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) skal sikrast vidare bruk. Avfall og ureina massar skal transporterast til godkjent mottak.

Føresegner 5.3 Svartelista artar

Ein pliktar å fylgje opp anlegget i 3 år etter ferdigstilling for å sikre at ikkje svartelista artar har følgt med nye massar.

Om ein finn svartelista artar, eller aggressive artar som lyssiv og høymol i eksisterande eller nye massar, skal desse massane fjernast.

Det skal ikkje nyttast kjemisk ugrasfjerning. Termisk varmehandsaming i linja skal utførast før ein kan byrje å arbeide med infiserte massar.

Anleggsmaskiner skal reingjerast på staden der desse har vore i kontakt med infiserte massar.

Føresegner 3.4 VA, avløp og overvasshandtering

VA-rammeplan datert 31.10.2018 er retningsgjevande for den vidare detaljprosjekteringa og byggjesakshandsaminga.

Det er utarbeida eigen rammeplan for vatn og avlaup som ein del til denne planen.

I samband med at vegvesenet skal utbetra fylkesvegen og samtidig etablera ny gang- og sykkelveg, skal Meland kommune etablera nytt anlegg for vatn og spillvatn. Kommunen skal etablera ny vassleidning med dimensjon ø400mm langs heile fylkesvegen. Spillvatn frå områda langs fylkesvegen skal transporterast ut av Flatøyosen og vidare til slamavskiljaren på Fosse.

For å transportera spillvatnet fram til Fosse ser ein for seg et behov for å etablera to nye pumpestasjonar Ingen hovudleidningar for straum- eller vasstilførsel vil bli råka som fylgje av tiltaket.

Det er lagt inn faresoner der leidningar kryssar vegbanen. Kommunen skal byggje ny vassleidning i samband med vegtiltaka for fv. 245

Planlagde løysingar for vatn og avlaup

Oversikt over planlagde vass-, overvass- og spillvass leidningar visast på teikning GH200-GH215. Statens vegvesen ønskjer at det ikkje blir etablert kummar i kjørebanen.

Derfor er VA-anlegget plassert i den nye gang- og sykkelvegen langs fylkesvegen. Alle VA-arbeider skal følgje Meland kommune sin VA-norm.

Meland kommune ønskjer at det skal etablerast nytt anlegg for vatn langs den nye fylkesvegen.

Meland kommune skal etablere nytt vassbehandlingsanlegg (VBA) på Hestdal med Storavatnet som vasskjelde. Restvatn fra reinseprosessen skal behandlast så spillvatn. Hestdal ligg nordvest for Moldekleiv.

Kommunen har vidare fått utarbeidd eit notat som listar opp dimensjonane for dei forskjellige kommunale VA-leidningane i dette prosjektet.

Kommunen ønskjer at det etablerast ny vassleidning gjennom heile planområdet, frå Fosse til Moldekleiv. Vassleidning skal ha dimensjon $\varnothing 400\text{mm}$ og vere utført i PE100 med klasse SDR9.

Det skal også etablerast ny vassleidning til Flatøy. Det foreslås at vassleidninga går i sjø ved båthavna på Litlebergen. Det er viktig å kartleggja forankring av båthavna for å unngå konflikt med nedlegging av sjøledningar .

Statens vegvesen skal eige alle overvassleidningar. Meland kommune overtek alle vass- og spillvassleidningar samt tilhøyrande installasjonar.

Konklusjon:

Mattilsynet har ingen merknad til reguleringsplanen.

Bergen, 10. januar 2019

Med venleg helsing

Odd Tøsdal, seniorinspektør, veterinær
Mattilsynet, Region sør og vest, Avdeling Bergen og omland

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal
postmottak@mattilsynet.no

www.mattilsynet.no www.matportalen.no